

VELKOMEN SOM
KONFIRMANT
2020



KONTAKTINFORMASJON

KYRKJELYDSKONTORET

Tlf: 57 86 56 16
Sandane kyrkje
Åsavegen 130
6823 SANDANE



HEIMESIDA TIL KYRKJA:

www.gloppen.kyrkja.no og kyrkja i gloppen (face)

SOKNEPREST I BREIM OG HYEN SOKN:

Tore Myklebust
Tlf: 456 01 260
e-post: tore.myklebust@gloppen.kyrkja.no

SOKNEPREST I GLOPPEN SOKN:

Vidar Bjotveit
Tlf: 958 80 030
e-post: vidar.bjotveit@gloppen.kyrkja.no
Faceprofil: vidarprest

INTRODUKSJON

Vi som er ansvarlege for konfirmasjonstida i kyrkjelydane i Breim, Hyen, Gloppen vil gjerne gje deg som ynskjer å vera konfirmant, og dykk som konfirmantføresette, informasjon om konfirmantopplegget vårt.

Konfirmasjon heng saman med dåpen. Dei aller fleste konfirmantar vart døypte som born. Då lova foreldre og fadrar at dei skulle få opplæring i den kristne trua. Konfirmasjonstida er ein del av denne opplæringa. Alle tema hentar innhaldet frå Bibelen og frå livet vårt. Konfirmasjonstida er for alle som ynskjer å vera med. Det einaste kriteriet for å verte konfirmert er at ein er døypt. Vi har ofte nokre konfirmantar som ikkje er døypte som småborn. Dei fleste av dei vel å la seg døype før konfirmasjonen. Nokre ungdomar vel å vera med i konfirmanttida, men står over sjølve konfirmasjonsdagen.

Etter at de har lest gjennom dette heftet veit de litt meir om kva konfirmantopplegget vårt går ut på. Skulle noko vere uklart eller det er noko du ynskjer å snakka med oss om, er du velkomen til å ta kontakt.

PÅMELDING

NETTBASERT PÅMELDING

Påmelding til konfirmanttida skjer via nettsida: <https://minkirkeside.no/gloppen>. Du registrerer deg først med mobilnummer, får ein kode som du brukar. Ha klart fødselsnummer, tlf-nr og epost til konfirmanen og føresette. Du vil få spørsmål om ønske om grupper, foreldreoppgåver og andre praktiske ting. Best å gjere dette saman, føresette og konfirmant. Du kan logge deg inn igjen med same mobilnummer om du vil/må endre opplysningar

Påmelding for konfirmantane er seinast 16.6 2019. Du får kvittering på epost, dersom påmeldinga er registrert.

Innskrivingsamtale for Gloppen konfirmantane er mandag 17.6 og onsdag 19.6 fra 17:00.

Samtalen er i kantina ved Gloppen kyrkjekontor.

Invitasjon med tidspunkt kjem pr.epost. Breim og Hyen blir kunngjort seinare.

INNHALDET I KONFIRMANTTIDA

UNDERVISNING

Konfirmantåret er den største og mest omfattande delen av trusopplæringa i kyrkja vår. Dette året skal ungdomane få ei grundigare innføring i kva det tyder å vera døypt og å vera medlem i Den norske Kyrkja. Mykje av dette skjer gjennom undervisningstimar i Sandane kyrkje. Vi bruker Konfirmantbibelen som verkty, i samtalen om tru og tvil.

Sjå kalender for datoar.

GUDSTENESTER

Alle konfirmantane deltek på 12 gudstenester eller meir i løpet av konfirmantåret. Det er 9 planlagde gudstenester i Gloppen sokn, dermed er det bare 3 «valfrie» gudstenester i løpet av året. I Breim og Hyen blir 5 «valfrie»

DEI OBLIGATORISKE ER:

- To gudstenester oppsett etter turnus, der konfirmanten hjelper til med oppgåver.
- Presentasjonsgudstenesta
- «Hentegudsteneste» i samband med leir. 29.9.
- Lysmesse i desember
- Kirkens Nødhjelp-aksjon med gudsteneste. 29.mars(Gloppen)
- Påskedagsgudstenesta 12.april (Gloppen)
- Samtalegudsteneste 3.mai (Gloppen)
- Konfirmasjonsgudsteneste 21.mai i Hyen, 24.mai i Gimmestad, 31.mai i Breim og Vereide.

Aktuelle oppgåver for konfirmantane i gudstenester kan vere å ynskje folk velkommen og dele ut salmebøker, hjelpe til i barnekroken, bere prosesjonskorset, spele instrument eller syngje, lese bønner og/eller bibeltekstar etc.

Registrering av frammøte på gudstenester, skjer digitalt og i konfirmantbibelen. Info ved starten av konfirmantåret.

KONFIRMANTLEIR

28-29. september reiser vi på leir til Nesholmen. Leiren varer frå laurdag morgon til søndag ettermiddag, og blir ei intens oppleving. Aktivitetar, seminar, leik, bading(for dei som vil), god mat og gudsteneste er nokre stikkord. Det blir mykje moro, og heile tida set vi fokus på å lære meir om kven Gud er og kva han vil med oss. Leiren blir avslutta med hentegudsteneste i Gimmestad kyrkje 29.september klokka 16.

NATTCUP

Nattcup i Nordfjordhallen, Måløy, er ei av de største sosiale hendingane for mange konfirmantar. Her samlast konfirmantar frå heile Nordfjord til ei natt med fotballcup, aktivitetar, gudsteneste, konsert, konkurransar og rangling!

Dato: 1.2. nov. Vi reiser frå Sandane fredag kveld, og kjem tilbake tidleg laurdag morgon. Buss.

Påmelding: Alle er påmeldt ved oppstart som konfirmant. Individuell avmelding, frist [innan 2.oktober.](#)

FASTEAKSJON

Alle konfirmantane tek del i Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon. Konfirmantane går frå dør til dør med innsamlingsbøssene ettermiddagen **tyrsdag 31. mars**. (Breim) **Søndag 29.mars i Gloppen**. Til dette vil vi trenge foreldre som kan stille opp og køyre konfirmantane. Sjå påmelding. De får vite meir om dette når det nærmar seg.

GRUPPER

Konfirmantgruppene er ein viktig del av konfirmantopplegget. Dei ulike gruppene ser ganske forskjellige ut, og held på med heilt ulike aktivitetar. Felles for alle er at ein har eit element av andakt/samtale i samlinga. Gruppa skal vere eit fellesskap der ein kan ha det kjekt saman, stille spørsmål om tru og liv, og diskutere og leite etter svar saman.

Gruppene skal ha eit omfang på ca. 15-20 timar, fordelt på 6-10 samlingar gjennom konfirmantåret. Vi har som nemnt mange ulike grupper, og dei er leia av frivillege. I innmeldingsskjemaet får konfirmantane lov til å ynskje kva gruppe dei helst vil vere med på, i prioritert rekkefølge. Så langt det er mogeleg prøver vi å plassere konfirmantane i den gruppa dei har mest lyst til å vere med i.

PRESENTASJON AV GRUPPENE

1. **Ope Hus**: Opent ungdomsarbeid, maks 25

Ope Hus er ein ungdomsklubb som er open kvar måndag 1930-2130 i Sandane kyrkje. Her er spel som bordtennis, biljard, airhockey, luftgevær, bilrace med meir og kiosk! Felles samling med andakt og leikar. Klubben er open for alle mellom 13 og 18 år. Konfirmanten melder seg inn i KFUK KFUM og betalar medlemsavgift. Dei som har det som si grupe får og litt meir oppgåver og ansvar enn andre som berre deltek.

Kontaktperson Lars-Bjarte Osland 99 00 30 77

2. **Soulchildren** Opent ungdomsarbeid, maks 8

Vi har Soul Children kor i Sandane for 10-16 år, det er eit kor som synger kristne poplåtar m.m. og øver torsdagar. Konfirmantane melder seg inn og deltek som andre medlemmer.

Kontaktperson: Magnhild Husevåg 950 05 745

3. **KRIK** Opent ungdomsarbeid, maks 15

KRIK står for Kristen Idrettskontakt, og har trening kvar søndag kveld i gymsalen på Sandane Skule. Her er det ballspel, leikar og andakt, ei gruppe for deg som likar å vere aktiv! KRIK er ope for alle mellom 13 og 19 år. Konfirmantane som deltek melder seg inn i KRIK og betalar medlemskontingent.

Kontaktperson Mats Herman Aunevik: 924 19 873

4. **Skileir** Open ungdomsarbeid for alle ungdommar 15-18 år. Maks 10

Bli med på skileir til Stranda skisenter saman med andre ungdommar frå Gloppen. Dei som deltek her må betale for leiren. Leiren kostar 2000 kr, som dekker heiskort, reise, opphald og mat. Leiren vert arrangert i mars 2020. Kontaktperson Lars-Bjarte Osland 990 03 077

5. **Leiartrening.** Opent ungdomsarbeid maks 6
Har du lyst til å prøve deg som leiar i eit barne og ungdomsarbeid, eller vere med som leiar på Lys Vaken for 6. klasse og på tårnagentsamling?
Kontaktperson Lars-Bjarte Osland 99 00 30 77
6. **Friluftsliv** Konfirmantgruppe maks 14
Her prøver vi ulike friluftaktivitetar: Padling, skitur, fisketur med meir. Samlingane varer i ca 2 timar kvar gong pluss 2 dagsturar. 1 samling kvar månad.
Kontaktperson Morten Leirgul: 404 11 620
7. **Breim «Å hjelpe andre»** Konfirmantgruppe maks 7
Ein viktig ting ved å vere kristen er å hjelpe andre. Dette er gruppa for deg som har lyst å vere med å gjere noko ekstra for andre. Vi kan besøke Byrkjelo tunet og/eller Reedtunet, reise på heimebesøk til nokon i Breim som trenger nokon å prate med, eller andre aktivitar som gruppa vil gjere i lag for å glede andre. Britt Randi Heggheim har tidlegare vore sjukepleiar og seinare diakon i kyrkja og vil lede gruppa:
90 84 75 92
8. **Sandane «Å hjelpe andre»** Konfirmantgruppe maks 9
Diakonigruppa er med, saman med misjonsforeininga , og arrangerer hyggestund for dei eldre på omsorgssenteret annakvar torsdag. Vi setter ut stolar, hjelper til med servering og pratar med dei som bur der. Gruppa for deg som vil bety noko for andre.
Kontaktperson Asbjørn Gjengedal 901 73 631
9. **Mekk** konfirmantgruppe maks 6
Vi møtast og skrur på alt som går rundt og seier «vrom», samtidig snakkar vi om det som opptar oss no i konfirmanttida. Litt usikkert om denne gruppa vert starta opp sidan vi ikkje har leiar eller plass som vi kan stå å mekke på akkurat no. Kontaktperson Lars-Bjarte Osland 990 03 077
10. **Hyen** Konfirmantgruppe. Maks 10
Samtale og aktivitetsgruppe i Hyen.
Kontaktperson Tore Myklebust: 456 01 260

KONFIRMANTAR MED SÆRSKILDE BEHOV

Vi ynskjer at konfirmasjonstida skal vera for alle. Difor treng vi å vite om nokon av konfirmantane har behov for tilrettelegging på eit eller anna vis. Då kan me unngå situasjonar som kan øydeleggja opplevinga for ungdomane. Vi har ikkje tilgang til den informasjonen skulen har.

Bruk feltet på innskrivings skjemaet de finn på www.gloppen.kyrkja.no til å fortelje oss dette, eller ta kontakt med din konfirmantprest: Tore eller Vidar. Sjølv sagt er all slik informasjon omfatta av teieplikta til oss som er tilsett i kyrkja.

ØKONOMI

Konfirmantane skal betale ein eigenandelen for konfirmantåret på kr 2000,-
Rekning blir sendt ut av kommunen.

Denne eigenandelen inneber at alle utgifter til undervisningsmateriell, leir, transport til leir, nattcup, transport til nattcup. Nokre konfirmantgrupper krev medlemskap og medlemskontingent som må betalast av konfirmanten (det vert medlemsjuks dersom kyrkja betalar).

All deltaking i konfirmantopplegget er obligatorisk.

Pengar skal IKKJE hindre nokon i å vere konfirmant. Dersom pengar er ein utfordring, har vi løysingar for dette.

FORELDREMØTER OG -ENGASJEMENT

Det er kjekt å bli kjend med konfirmantane, men det er òg kjekt å bli kjend med foreldra deira. Dessutan er det alltid nokre beskjedar som foreldra bør få direkte. Vi har foreldremøte ein gong i halvåret. Her vil de få ein del praktiske opplysningar om det som skal skje i konfirmanttida, og de vil få høve til å spørja om alt de vil. Siste møtet er for både konfirmantar og foreldre, dette gjeld Gloppen sokn. I Breim og Hyen er konfirmantane med på begge møta.

Tid og dato for foreldremøta på Breim skule og i Sandane kyrkje finn de i kalenderen bak i heftet. Tid og dato for foreldremøte i Hyen vil bli avtala seinare.

Av og til treng vi litt hjelp av foreldre, til oppgåver som:

- Vaksenleiarar/nattevakter på konfirmantleir
- Vaksenleiarar på nattcup
- Køyring fasteaksjon
- Baking til ulike arrangement
- Prøving av kapper før konfirmasjon
- Hjelp til ved undervisning. Samtale om dette ved oppstart.

De kan melde dykk som medhjelparar i det elektroniske påmeldingsskjemaet.

Sjekk gjerne ut: www.gloppen.kyrkja.no. www.konfirmant.no. Gode sider!

Plan for konfirmasjonstida - Breim 2019 – 2020 Ansvarleg: Tore Myklebust

Dato	Tidsrom	Stad	Merknad
27.08.2019	14.15 - 15.55	Sandane kyrkje	Første samling etter skulen
03.09.2019	19.00 – 20.30	Breim kyrkje	Foreldremøte (ikkje konfirmantar)
07.09.2019	14.00 - 16.00	Breim kyrkje	Øving til presentasjonsgudsteneste
08.09.2019	10.00 - 12.00	Breim kyrkje	Presentasjonsgudsteneste
17.09.2019	14.15 - 15.55	Sandane kyrkje	Samling etter skulen
28.09.2019	00:00 - 23:59	Nesholmen	Leir avresisetid kjem seinare
29.09.2019	15.00 - 16.00	Sandane kyrkje	Buss til sandane. Hente gudsteneste
15.10.2019	14.15 - 15.55	Sandane kyrkje	Samling etter skulen
01.11.2019	16:00 - 23:55	Nordfjordhallen	Nattcup. Retur med 07.20 ferja?
05.11.2019	14.15 - 15.55	Sandane kyrkje	Samling etter skulen
30.11.2019	14.00 - 16.00	Breim kyrkje	Øving til lysmesse
01.12.2019	18.00 - 20.00	Breim kyrkje	Lysmesse kl. 19.00
10.12.2019	14.15 - 15.55	Sandane kyrkje	Samling etter skulen
07.01.2020	14.15 - 15.55	Sandane kyrkje	Samling etter skulen
28.01.2020	14.15 - 15.55	Sandane kyrkje	Samling etter skulen
11.02.2020	14.15 - 15.55	Sandane kyrkje	Samling etter skulen
03.03.2020	14.15 - 15.55	Sandane kyrkje	Samling etter skulen
17.03.2020	19:00 - 20.30	Breim kyrkje	Foreldre og konfirmanar førebuing av fasteaksjonen
24.03.2020	17:00 - 21:00	Breim skule (base)	Kirkens Nødhjelp aksjon
14.04.2020	14:15 - 16:00	Sandane kyrkje	ALLE: Breim, Hyen og Gloppen. Påskevandring
25.04.2020	14.00 - 16.00	Breim kyrkje	Øving til samtalegudsteneste
09.05.2020	14.00 - 16.00	Breim kyrkje	Øving til samtalegudsteneste og konf. Gudsteneste
10.05.2020	10.00 - 12.00	Breim kyrkje	Samtalegudsteneste
31.05.2020	10.00 - 12.00	Breim kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste

Plan for Hyen kjem seinare Nokre dataoar:

22.09.2019	10.00 - 12.00	Hyen kyrkje	Presentasjonsgudsteneste kl. 11.00
10.05.2020	15.00 - 16.00	Hyen kyrkje	Samtalegudsteneste kl. 16.00
21.05.2020	10.00 - 12.00	Hyen kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste kl. 11.00

Møteplan "Gloppen 2020"

05.06.2019

Aktivitet: 2020: Konfirmant Gloppen sokn

Dato	Tidsrom	Stad	Ansvarleg	Merknad
20.08.2019	14:15 - 16:00	Sandane kyrkje (heile)	Vidar Bjotveit	G1 og G2. Info om konfirmantåret. Utdeling av bibel.
31.08.2019	16:00 - 20:00	Kyrkerommet-Vereide	Vidar Bjotveit	Oppmøte Vereide kyrkje. Mat i prestegarden.
01.09.2019	10:15 - 12:30	Kyrkerommet-Vereide	Vidar Bjotveit	Presentasjonsgudsteneste
03.09.2019	17:00 - 19:30	Peisestova	Vidar Bjotveit	Foreldremøte
10.09.2019	14:15 - 16:00	Sandane kyrkje (heile)	Vidar Bjotveit	G2 onsdag 11.9
28.09.2019	00:00 - 23:59		Vidar Bjotveit	Leir Nesholmen
29.09.2019	15:00 - 17:30	Kyrkerommet-Gimmestad	Vidar Bjotveit	Hentegudsteneste.
01.10.2019	14:15 - 16:00	Sandane kyrkje (heile)	Vidar Bjotveit	G2 onsdag 2.10
22.10.2019	14:15 - 16:00	Sandane kyrkje (heile)	Vidar Bjotveit	G2 onsdag 23.10
01.11.2019	16:00 - 23:55		Vidar Bjotveit	Nattcup. Retur med 07.20 ferja?
12.11.2019	14:15 - 16:00	Sandane kyrkje (heile)	Vidar Bjotveit	G1 og G2. Førstu lysmesse
01.12.2019	19:00 - 21:30	Kyrkerommet-Gimmestad	Vidar Bjotveit	Lysmesse
03.12.2019	14:15 - 16:00	Sandane kyrkje (heile)	Vidar Bjotveit	G2 onsdag 4.12
14.01.2020	14:15 - 16:00	Sandane kyrkje (heile)	Vidar Bjotveit	G2 onsdag 15.1
24.01.2020	19:00 - 23:00		Vidar Bjotveit	Sosialt i prestegarden
04.02.2020	14:15 - 16:00	Sandane kyrkje (heile)	Vidar Bjotveit	G2 onsdag 5.2
25.02.2020	14:15 - 16:00	Sandane kyrkje (heile)	Vidar Bjotveit	G2 onsdag 26.2
17.03.2020	14:15 - 16:00	Sandane kyrkje (heile)	Vidar Bjotveit	G1 og G2. Tema Kirkens Nødhjelp aksjon
24.03.2020	17:00 - 19:30	Kyrkerommet- Sandane	Vidar Bjotveit	Foreldremøte
29.03.2020	10:15 - 15:00	Sandane kyrkje (heile)	Vidar Bjotveit	Kirkens Nødhjelp-aksjon
12.04.2020	10:20 - 13:00	Kyrkerommet-Vereide	Vidar Bjotveit	Påskegudsteneste. Påskeplask
14.04.2020	14:15 - 16:00	Kyrkerommet-Vereide	Vidar Bjotveit	ALLE: Breim, Hyen og Gloppen. Påskevandring
28.04.2020	14:15 - 16:00	Sandane kyrkje (heile)	Vidar Bjotveit	G1 og G2
02.05.2020	11:00 - 13:00	Kyrkerommet-Vereide	Vidar Bjotveit	Øving til samtalegudstenesta
03.05.2020	10:15 - 12:30	Kyrkerommet-Vereide	Vidar Bjotveit	Samtalegudsteneste
19.05.2020	17:00 - 18:30	Kyrkerommet-Gimmestad	Vidar Bjotveit	Prøving og øving.
24.05.2020	10:30 - 12:30	Kyrkerommet-Gimmestad	Vidar Bjotveit	Konfirmasjonsgudsteneste. Oppmøte 10:30
28.05.2020	17:00 - 18:30	Kyrkerommet-Vereide	Vidar Bjotveit	Prøving og øving.
31.05.2020	09:30 - 11:30	Kyrkerommet-Vereide	Vidar Bjotveit	Konfirmasjonsgudsteneste pulje 1
31.05.2020	11:00 - 13:15	Kyrkerommet-Vereide	Vidar Bjotveit	Konfirmasjonsgudsteneste pulje 2